

Ishavsmuseet Aarvak  
Skuleopplegg 8.-10. klasse



## UNGDOMSSKULEPROSJEKT

Ishavsmuseet Aarvak har guidar som gir ei flott innføring i Ishavsmuseet sine utstillingar om våre nære polarhistorie, og dei forskjellige tema ein har.

I tillegg til dette, kan ein trekkje inn ein del av kompetansemåla til forskjellige prosjektarbeid. I tillegg til dei generelle måla i natur og miljø og samfunnsfag, finn vi desse:

### **Natur og miljø:**

- observere og gi eksempler på hvordan menneskelige aktiviteter har påvirket et naturområde, identifisere ulike interessegruppers syn på påvirkningen og foreslå tiltak som kan verne naturen for framtidige generasjoner
- vurdere bruk og misbruk av ressursar, konsekvensar det kan få for miljøet og samfunnet, og konflikantar det kan skape lokalt og globalt

### **Samfunnsfag:**

- drøfte premissar for ei berekraftig utvikling

Med bakgrunn i desse måla, kan ein nytte Ishavsmuseet som arena for å fordjupe seg i mange emne.

## OPPGÅVE A

Prosjekt «Truga dyreartar»

Vel eitt av dyra du finn på Ishavsmuseet eller eit du kjenner til som er truga. Lag ein analyse av kvifor denne arten er ein truga dyreart. Du kan også velje eit dyr som allereie er utrydda, og td skrive om kvifor dette dyret ikkje eksisterer lenger. Nytt gjerne dei fem årsakene under til hjelp for å lage analysen din.

Dette er dei fem viktigaste årsakene til at artar er truga!

1. **Øydeleggjing og oppsplitting av leveområder** er den viktigaste årsaken til at artar trugast av utrydding.
2. **Klimaendringar** er ein aukande trussel mot naturens mangfald. For kvar grad gjennomsnittstemperaturen på jorda aukar, kan opptil 10 % av artane stå i fare for å forsvinne.
3. **Framande artar** spreiest via menneskeleg aktivitet og kan fortrenge artar som naturleg lever i området.
4. **Overhausting** er ein trussel mot artane sine langsiktige overleving. Overfiske kan for eksempel føre til kollaps i bestandar.
5. **Forureining** som sur nedbør, nærings salt og miljøgifter påverkar artar negativt.

Alle våre store rovpattedyr er oppført som truet i Rødlista 2010:

- **Ulv og fjellrev** er kritisk truet (CR) og har dermed ekstrem stor sannsynlighet for å dø ut (hele 50% sannsynlighet innen 3 generasjoner).
- **Jerv og brunbjørn** er nå kategorisert som sterkt truet (EN) og har dermed svært høy risiko for å dø ut (20% sannsynlighet innen 5 generasjoner).
- **Gaupe** er kategorisert som sårbar (VU) og har høy risiko for utdøing (10% sannsynlighet innen 100 år).

Ein kan laste ned Rødlista frå nettet.

## OPPGÅVE B

### Menneskeleg påverknad

Finn eit område i verda der menneskeleg påverknad har ført til at artsbestanden har endra seg. Lag ein presentasjon der du viser :

- korleis det var før menneska kom
- korleis menneska påverka miljøet
- korleis det vart etter at menneska skapte endring i miljøet

## OPPGÅVE C

### Internasjonal konflikt

Lag ein presentasjon om korleis jakt, fangst eller utnytting av dyr kan skape internasjonale konflikter. Presenter konflikten frå begge (alle) sider og gi døme på moglege løysingar.

Dømer:

Selfangst. Filmstjernene sine protestar mot selfangst som har ført til internasjonale protestar mot Noreg og Canada. EU forbod.

I 1920-åra var produkt av selfangst ei av Noregs viktigaste eksportvare.

Andre døme:

revejakt, tyrefekting, kvalfangst, drap og lemlesting av gorilla, nasehorn, elefantar mm for souvenirhandel.